



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Anniken Friis, 5557 2313
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327
Silje Tingstad, 5557 2031
Magne Nesse, 5557 2335

Vår dato
20.01.2016
Dykkar dato
18.11.2015

Vår referanse
2015/9552 421.4
Dykkar referanse
15/1039

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale - offentleg ettersyn - Radøy - gnr 45 bnr 10 m fl - Kjebogen - Manger Industriområde - detaljregulering

Vi viser til brev av 18.11.15 om offentleg ettersyn av detaljregulering av Manger industriområde, Kjebogen, og til møte i dagen mellom kommunen, Statens vegvesen og Fylkesmannen..

Planområdet er på 111,4 daa og ligg mellom Toska og Manger sentrum. Bakgrunn for planrbeidet er å utarbeide detaljregulering for å etablere verksemd med monteringshall og utskipningskai. Detaljreguleringa er delvis i samsvar med overordna planer. Arealdelen av kommuneplanen og kommunedelplan for Manger viser området som næring og industri på land og naturområde i sjø. Utfylling i sjø er såleis i strid med overordna plan.

Fylkesmannen si vurdering

Det er utarbeidd eigne rapportar m/KU for støy og biologisk mangfald, samt at Bergen Sjøfartsmuseum har vore på synfaring og gjort marinarkeologiske undersøkingar. Fylkesmannen meiner at konsekvensane for natur, landskap og friluftsliv er undervurdert i den framlagte planen, og at konflikten knytt til planlagt arealbruk er større enn det som går fram av høyringsdokumenta.

Støy

Konsulentselskapet Sweco har laga ein støyrapport kor dei har vurdert at det nye industriområdet i det daglege vil gje lave støynivå ved omkringliggjande eigedommar og at støy-sjenansen vert liten. Døgn med anløp av skip og mykje aktivitet utandørs vil gje høgare støy-nivå, men framleis under gjeldane grenseverdiar.

Det er Fylkesmannen si vurdering at føresegne om støy ikkje er godt formulerte. I punkt 1.5.2 står det at «[s]tøytilhøva ved bustadar i nærleiken skal ikke overskride grenseverdiane for inne- og uteMiljø, jf. Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442.» Rettleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) rår til at føresegn ikkje vert formulert på denne måten. Føresegn 1.5.2 bør derfor endrast til:

«Grenseverdiane gitt i tabell 3 for «øvrig industri» i Miljødirektoratets retningslinjer T-1442/2012 gjeld for planen.»

Føresegn 1.5.3 er også uklar. Ho gjeld støy i anleggsperioden. Sidan T-1442 har eigne føresegner om støy for anleggsarbeid, er det naturleg å visa til denne. Føresegn 1.5.3 bør endrast til:

«Grenseverdiar for støy i frå bygg- og anleggsverksemder i kapittel 4 i Miljødirektoratets retningslinje T-1442/2012 gjeld for planen, med følgjande tillegg: Støygrensene omfattar også trafikk i anleggsperioden. Sprenging kan skje på verkedagar mellom kl. 0700 og kl. 1600. For opparbeiding av kai er det tillate spunting og djupkomprimering av massar mellom kl. 0700 og kl. 2300.»

Utfylling i sjø

Ifølge planksildringa vart det i 2014-2015 gjort omfattande sanering av forureina sjøbotn utanfor kaiområde, og fjerning av tre deponi på land, samt oppryddingsarbeid av forureina grunn elles i planområdet. Tomta er i dag vurdert til å ikkje innehalde miljøfarleg avfall i grunn eller sjø av betydeleg grad. Fylkesmannen si vurdering er likevel at det bør søkjast om utfylling. Store tiltak som medfører fare for spreiing av reine sediment er også ei miljø-ulempe. Det er mogleg at tiltaket må handsamast etter forureiningslova.

Naturmangfold

Fylkesmannen si vurdering er at verdiane som finst i Brupollen vert ivaretatt av buffersone GV1 med omsynssone, og vollen som skal ligge mellom industriområdet og pollen, og at det i føresegnene står at det er forbod mot mellomlagring av massar i GV1.

I 2014 blei det registrert hekkande sandsvale i den sørlege skråninga av Gerhardspollen. Sandsvale er kategorisert som NT i raudlista for 2015. Når det skal etablerast fortau langs Toskavegen, bør det derfor leggjast til rette for at Sandsvalen framleis skal kunne hekke i dette området.

Trafikktryggleik

I Hovedutval for plan, landbruk og teknisk sitt vedtak om å leggje reguleringsplanen ut for første gongs høyring og offentleg ettersyn, blei det sett vilkår om at tilhøve for mjuke trafikantar til badeplassen og friluftsområdet Tretholmen måtte vurderast i konsekvensutgreiinga. Utgreiinga på dette punktet er slik vi ser det ikkje god nok. Det er viktig med ei gjennomarbeidd konsekvensutgreiing for å kunne vurdere kva tryggleiktiltak som er naudsynte.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

